

Koronasmitte og teieplikt

Datatilsynet har samla informasjon om relevant regelverk og råd i samband med koronasmitte og teieplikt.

- Opplysningar om at nokon er smitta med koronavirus, er å rekne som *helseopplysning*.
- Opplysningar om at ein tilsett har returnert frå eit såkalt "risikoområde" er ikkje å rekne som ei helseopplysning.
- Opplysningar om at nokon er satt i karantene (utan å gi nærare informasjon om årsaka) er ikkje å rekne som en helseopplysning.

Vi gjer merksam på at sjølv om det å være i karantene ikkje er å rekne som ei helseopplysning, er det fortsatt ei *personopplysning*. Dette stiller krav til handteringa av opplysningane. I tillegg har blant anna arbeidsmiljølova og smittevernlova avgrensingar om kva opplysningar dei tilsette er pliktige å opplyse om, og i kva grad arbeidsgjevaren kan behandle opplysningane.

I den grad det vert vurdert som nødvendig for å sikre eit forsvarleg arbeidsmiljø, kan arbeidsgjevaren gi informasjon innan i verksemda om at ein tilsett er smitta eller er i karantene. Pass på at den tilsette sin *integritet* og verdighet vert teken i vare. Bruk sunn fornuft i samarbeid med dei som er berørt.

[Meir frå datatilsynet om teieplikt og personvern.](#)

Slik informerer du om kommunetilsette som ikkje er på jobb til utanforståande

Datatilsynet vurderer det slik at arbeidsgjevaren ikkje skal bringe vidare informasjon om at enkelte tilsette er smitta og/eller er i karantene til utanforståande.

Beskjeden til utanforståande som ønsker å få kontakt med tilsette som er smitta eller i karantene, bør i utgangspunktet vere at vedkommande tilsett er fråverande eller ikkje tilgjengeleg.

Dersom den tilsette har heimekontor eller liknande, skal ein vurdere korleis kontaktinformasjon kan kommuniserast på ein god måte. Inkluder den tilsette i vurderingane.

Dersom store deler av dei tilsette i verksemda ikkje er til stades på grunn av karantene eller andre grunnar, bør leiinga i verksemda lage ei plan for å informere utanforståande kunder og publikum på ein ryddig og god måte som tar omsyn til den tilsette sin situasjon.